



LINDÅS KOMMUNE  
Areal- og miljøavdelinga

5914 Isdalstø

ARKIV

Rune Salomonsen

Fyllingsnes  
5913 EIKANGERVÅG

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	05/01320-4	Fridtjof Fosse	56 37 56 25	214/052	07.07.2005

### Melding handsama av avdelingssjefen sak 079/05

#### MELDING OM TILTAK - OPPATTBYGGING AV NAUST RUNE SALOMONSEN GNR 214, BNR 052 - FYLLINGSNES

Meldinga Dykkar om tiltak etter Plan og bygningslova (pbl) § 86a, om oppattbygging av frittliggjande naust, storleik 41,4 m<sup>2</sup>, vart motteke den 04.07.05. Melding motteke 07.06.05 var ufullstendig og hadde manglar som måtte rettast opp. Dette er no retta opp. jf. brev frå kommunen 28.06.05. Arbeidet skal utførast etter dei reviderte teikningane som vart mottekne 04.07.05. Eitt vindauge i naustet utgår.

#### Avdelingssjefen har etter dette ingen merknader til tiltaket .

Avdelingssjefen ynskjer likevel å gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.


Avdelingssjefen gjer vidare merksam på at dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 96.

Gebyr for sakshandsaming vert kr 2400,- .

**Som tiltakshavar må De melda frå til areal- og miljøavdelinga når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta.**

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

for avdelingssjefen

  
Fridtjof Fosse  
Sakshandsamar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005

Organisasjonsnr.  
935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005